



Referat frå elevrådsmøte 11.02.21

Desse møtte: Alle årsstega var representert i tillegg til rektor.

Desse sakene blei diskutert:

Elevrådet etterlyser lik praksis frå dei vaksne

Elevane melder om ulik praksis frå dei vaksne på skulen. Dei opplever at nokre vaksne ser dei og bryr seg, og at andre gjer det ikkje. Dei opplever òg at dei får lov til ulike ting hos ulike vaksne. Nokre vaksne tillet t.d. ikkje balleik foran amfiet. Andre vaksne bryr seg ikkje om det. Elevrådet ynskjer at alle vaksne skal bry seg og at alle skal handheve dei reglane som gjeld!

Ulike tilstellingar

Elevane ynskjer tilstellingar som karneval, overnatting på skulen for 7. årssteg, kantine og talentiade. Fleire av desse tilstellingane står i Spildepollen sitt årshjul, men grunna smitterverntiltak, kan fleire bli vanskeleg å gjennomføre. Det første på programmet er karneval. Det skal me ha siste fredag før vinterfeiren. Korleis dette skal gjennomførast, må me kome tilbake til.

Ynskje om innkjøp

Elevane ynskjer at det blir kjøpt inn fleire akebrett. Rektor skal undersøke om skulen kan kjøpe inn rumpeakebrett. Store apparat som skile, karusell og liknande, får me ikkje kjøpe inn. Fleire mål på krøllgrasbana skal rektor ta vidare med idrettslaga.

Ynskje om tema i undervisninga

Elevane etterlyser tema som rasisme og gjenbruk i undervisninga. Lærarane blir oppfordra av elevrådet ti å ta desse emna opp i klassane.

Etterlysningar

Når blir «soppen» erstatta på skuleplassen? Og kor blir det av bordtennisbordet frå Telavåg? Rektor skal etterlyse desse.

Konfliktar i frimunutta

Denne saka kjem me tilbake til på neste møte. Elevrådsrepresentantane hadde ikkje fått beskjed om å ta denne saka opp i klassane på førehand.

Linda Selheim, referent

E-post: linda.selheim@oygarden.kommune.no

Telefon: 90241258